



Førde bogeskyttarklubb og Bueskytterregion Nordvest inviterar til opent regionmeisterskap skive 27. juli 2024

Stad:	<i>Fosseflata bogeskyttarbane, Halbrend skule, Liavegen 35, Førde</i>
Skyterunde:	<i>720-runde og utslagsrunder og finalar</i>
Klasser:	<i>Alle approberte meisterskapsklasser. Ved fem eller færre kvinner/menn påmeldte i ein klasse kan desse bli slegne saman. Deltakaravgrensing kan bli naudsynt, og vil følge påmeldingslistene.</i>
TK/Opprop:	<i>Lørdag: Kl 12.00 Møt fram i god tid.</i>
Startkontigent:	<i>Senior/50+ kr 250,- / aldersbestemte klasser kr 100,- Klubbane blir fakturert når deltakarregistreringa er klar.</i>

OBS! Søndag er det “bonusstemne” halv 1440 samme stad. TK kl. 10.00.

Under stemnet vil IANSEO Scorekeeper NG bli nytta på ein mobiltelefon pr. matte. Last ned appen frå Google Play eller Apple App Store, og lad telefonen godt opp på førehand. Ha med powerbank/naudladar. Det er ikkje straum på eller ved bane.

Vegen til Halbrend skule og Halbrendhallen har direkte avkøyring frå E39 i Halbrendslia sør for Førde. Bruk parkeringplassen ved skulen, og gå til høgre gjennom skulegården mot Halbrendhallen. Vi stiller med grillmat til sals. Betaling med Vipps.

For tilreisande finns det overnattingstilbod for alle budsjett og komfortkrav i Førde, men vi anbefalar Thon hotell Førde som honorerar partneravtalen med NBF, eventuelt Scandic Sunnfjord hotell, Førde gjestehus og camping eller Førde pensjonat.

*Samla klubbvis påmelding seinast fredag 1. desember 2023 til
Jan Roar Sekkelsten,
Telefon: 911 48 702
e-post: forde@bueklubb.no*

Velkommen til Førde

Førde bogeskyttarklubb har utstyrsavtale med

